

FISKERIDIREKTØREN

Ark.nr. 400.5
Førøyane

Bergen, 18.12.1985
OM/BSH

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 167/85

NORSK FISKE I FÆRØYSK SONE I 1986.

Etter avtala 18. desember 1985 mellom Noreg og Færøyane kan norske farty fiska:

1. BOTENFISK - 6.000 tonn.

Kvoten gjeld lange, blålange, brosme og sei. Innafor kvoten kan det fiskast inntil 1.150 tonn sei. Medrekna i kvoten er også bifangstar med inntil 1.200 tonn.

Bifangsten på kvar tur må ikkje vera større enn 35%.

Ein føreset at fisket skal drivast med seigarn og bankliner.

2. MAKRELL - 7.000 tonn.

3. KOLMULE - 65.000 tonn.

Kolmula kan fiskast med trål eller not.

Inntil 55 farty får fiskeløyve for trål.

Inntil 20 farty kan vera i sona samstundes og i tillegg kan inntil 10 farty drive forsøksfiske (fiskeleiting) utanfor hovudfelt oppretta av det færøyske fiskerioppsynet.

4. BRUGDE - 100 tonn brugdelever.

FISKELØYVE.

Som ei overgangsordning kan norske farty med løyve til å fiska i færøysk sone i 1985, fiska inntil vidare på same løyve i 1986.

Løyve for 1986.

Norske farty som ønskjer å fiska i færøysk sone i 1986 må snarast og seinast innan 21. januar 1986 senda søknad om fiskeløyve til Fiskeridirektøren, postboks 185, 5001 Bergen.

Som søknadsskjema kan nyttast denne meldinga, og ein ber om at De gjer følgjande opplysningar:

Til Fiskeridirektoratet , Postboks 185 , 5001 Bergen

Søknad om løyve til å fiska i færøysk økonomisk sone i
1986.

1. Fartyets namn:
2. Radiokallesignal:
3. Fiskerireg.merke:
4. Heimstadhamn:
5. Bruttotonnasje:
6. Maskinkraft i HK:
7. Kva fiskeslag søknaden gjeld:
8. Reiskapslag:
9. Namnet og adresse til eigaran:

Ver god, skriv tydeleg.

----- ----- -----

Stad

Dato

Underskrift